



## **RETNINGSLINER FOR TILDELING AV TILSKOT TIL DUGNAD VED STØRRE ARRANGEMENT AUSTRHEIM KOMMUNE**

I følgje delegasjonsreglement § 3-24 har einingsleiar for kultur delegert mynde til å tildela midlar, i samsvar med til ei kvar tid fastsette retningsliner for slik tildeling.

Reglementet er laga av ein oppretta komité for tildeling av kulturmiddlar, tilskot barn og ungdom, og tilskot til dognad ved større arrangement:

1. Tilsegn om tilskot kan delast ut til arrangørar av større arrangement i Austrheim kommune. Tilskotet skal ikkje gå til einskildpersonar.
2. Tilsegn om tilskot til dognad vert delt ut ein gong i året, i juni månad. Dersom det vert midlar igjen på budsjettet kan det også delast ut midlar i november månad.
3. Tilsegn om tilskot til dognad ved større arrangement skjer etter elektronisk søknad. Søknadsskjema og retningsliner ligg på kommunen si heimeside. Søknadsfrist vert lyst ut i Kyrkjebakken og på heimesida til kommunen.
4. Søknaden skal innehalde følgjande:
  - namn på søker
  - skildring av tiltak/prosjekt (innhald, føremål. m.m.)
  - målgruppe for arrangementet
  - kva lag/org. som vert invitert til dognaden
  - tidsplan for arbeidet
  - økonomi/budsjett til arrangementet
5. Tilskotet skal ikkje gå til arrangørar som berre driv og/eller leiger ut bygg.
6. Det kan delast ut dognadsmiddlar til lag og organisasjonar som har sitt virke i Austrheim kommune eller i regionen Nordhordland. Lag og organisasjonar frå Austrheim skal prioriterast.
7. Utbetaling av honorar for dognad skjer med bakgrunn i gjennomført dognadsinnsats på arrangementet. Skjema med krav om betaling for dognaden må fyllast ut, og leverast til servicekontoret i Austrheim kommune, innan to månader etter gjennomføring av dognaden.
8. Austrheim kommune ønsker at alle lag og organisasjonar tek i bruk kulturkalenderen på heimesida . Vi vil også oppfordre til samarbeid mellom lag og organisasjonar, og til å godta følgjekort.
9. Når sesongen er over, vert kommunestyret orientert om korleis midlane er brukt.